



## Forskrift om frist for spreiling av gjødselvarer av organisk opphav, Sund kommune, Hordaland

Dato	FOR-2017-06-20-883
Ikrafttredelse	20.06.2017
Gjelder for	Øygarden kommune, Vestland
Hjemmel	FOR-2003-07-04-951, LOV-1995-05-12-23
Kunngjort	22.06.2017 kl. 16.15
Korttittel	Forskrift om frist for spreiling av gjødselvarer, Sund

---

**Heimel:** Fastsett av Sund kommunestyre 20. juni 2017 med heimel i forskrift 4. juli 2003 nr. 951 om gjødselvarer mv. av organisk opphav, jf. lov 12. mai 1995 nr. 23 om jord (jordlova).

### § 1. Føremål

Føremålet med denne forskrifta er å tilpasse spreietidspunkt til lokal praksis og veksttilhøve i kommunen. Forskrifta skal sikre at gjødselvarene kan utnyttast best mogeleg for planteproduksjon utan at det fører til forureining og er til unødig blempe for nærområda, jamfør forskrift 4. juli 2003 nr. 951 om gjødselvarer mv. av organisk opphav § 23.

### § 2. Definisjonar

For definisjoner av ord og uttrykk vert det vist til vedlegg 1 om definisjonar til forskrift 4. juli 2003 nr. 951 om gjødselvarer mv. av organisk opphav.

### § 3. Verkeområde

Denne forskrifta gjeld for spreiling av gjødselvarer mv. av organisk opphav. Forskrifta gjeld for alt godkjent spreieareal i heile kommunen. Godkjent spreieareal er fulldyrka og overflatedyrka jord. Kommunen kan etter søknad godkjenne anna areal, som til dømes innmarksbeite, jamfør forskrift 4. juli 2003 nr. 951 om gjødselvarer mv. av organisk opphav § 24.

### § 4. Spreietidspunkt med tilhøyrande vilkår

Spreiling av gjødselvarer av organisk opphav med nedmolding/nedfelling er berre tillate i perioden 15. februar til 1. november. Det er ikkje tillate å spreie gjødselvarer på snødekt eller frossen mark.

Spreiling av husdyrgjødsel som kan medføre tap av næringsstoffer skal så langt det er mogleg skje i perioden frå våronnstart til 1. september, og fortrinnsvis om våren når planteveksten tar til. Spreiling utan nedmolding/nedfelling på eng og annan grøde bør gjerast så tidleg i vekstssesongen at det er moglegheit for tydeleg gjenvekst som vert hausta eller beita.

Landbruksføretak med tilstrekkeleg spreieareal, kan spreie gjødselvarer av organisk opphav utan nedmolding/nedfelling på eng og annan grøde til og med 30. september. Det må unngåast å spreie husdyrgjødsel på sterkt hellande mark i denne perioden. Det bør visast aktsemd ved spreiling i periodar eller inn mot periodar med varsel om nedbør.

I perioden 1.-30. september skal det ved spreiling utan nedmolding/nedfelling på eng og anna grøde, maksimalt spreiest 2 m<sup>3</sup> pr. dekar. Mot alle vassdrag skal det setjast att ei buffersone på minst 10 meter som ikkje skal gjødslast.

Kommunen kan, på dei vilkår som er nemnt i forskrift 4. juli 2003 nr. 951 om gjødselvarer mv. av organisk opphav § 23, gje løyve til seinare spreiling med enkeltvedtak, men ikkje seinare enn 1. oktober.

### **§ 5. Forbod mot vass- og luftforureining**

Husdyrgjødsla skal disponerast slik at ho ikkje fører til forureining eller fare for forureining eller på anna måte er i strid med omsyn nemnd i § 1.

Det er gardbrukaren sitt ansvar å sjå til at gjødselvarer av organisk opphav disponerast slik at det ikkje fører til forureining eller fare for forureining av luft, vatn, vassdrag og sjø.

Kommunen kan ved enkeltvedtak forby spreiling av gjødselvarer mv. av organisk opphav i heile eller deler av perioden frå og med 1. september til og med 30. september i område med alvorleg forureining eller fare for alvorleg forureining.

### **§ 6. Forhold til andre lover**

Krav utover denne forskriften som vert stilt i andre lover eller forskrifter må tilfredsstilla.

### **§ 7. Klage**

Enkeltvedtak gjort av kommunen etter denne forskriften pålagast, jf. forvaltningsloven § 28. Klagefrist er 3 veker etter mottak av vedtak. Klaga skal sendast til kommunen.

### **§ 8. Ikraftsetjing**

Forskrifta trer i kraft straks.